



UKM 03/19 Val

1. Val av tre representantar til Kyrkjemøtet i 2020

Kyrkjemøtet er det øvste representative organet i kyrkja og blir av somme kalla kyrkjas «Storting». UKM sender fire representantar til å delta på Kyrkjemøtet i Trondheim 22.4-27.4-2020. UKM-delegatane møtast dagen før Kyrkjemøtet startar.

Ein av desse fire representantane er, i samsvar med statuttar for UKM, leiar av Utval for ungdomsspørsmål, som veljast for seg. Dei tre andre skal veljast i dette valet.

Val av tre representantar frå UKM til Kyrkjemøtet 2020:

Val av ein vara:

Utval for ungdomsspørsmål

Utval for ungdomsspørsmål (Ufung) er eit rådgivande organ for sekretariatet i Kyrkjerådet og spesielt for ungdomsrådgivaren i Kyrkjerådet. Ufung skal arbeide med saker som vedkjem ungdom i Den norske kyrkja nasjonalt og internasjonalt, og har eit spesielt ansvar i planlegginga og gjennomføringa av Ungdommens kyrkjemøte.

Etter vedtak av nye statuttar for Ungdommens kyrkjemøte og Utval for ungdomsspørsmål på Kyrkjerådets møte i september 2018, skal Ufung bestå av leiar, fem ordinære medlemmer og to medlemmer vald på bakgrunn av særleg kompetanse.

I løpet av året har Ufung 4–5 møtedagar, og møta blir normalt haldne på kvardagar i Kirkens hus i Oslo. I tillegg til dette har Ufung kvart år ei sentral rolle under UKM, som varer 4–5 dagar. Ein må vere budd på å setje av om lag 10 dagar årleg til dette pluss litt tid til førebuing. Reisekostnader vil sjølvstøtt bli dekte.

2. Val av leiar for Utval for ungdomsspørsmål

Ungdommens kyrkjemøte vel ved særskilt avstemming leiar av Utval for ungdomsspørsmål bland delegatane på Ungdommens kyrkjemøte, for en periode på to år. Den som blir vald som leiar av utvalet, møter som representant med tale- og forslagsrett i Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet. Utval for ungdomsspørsmål nemner sjølv opp ein vararepresentant frå utvalet som møter i Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet om leiaren har forfall.

Val på leiar av Utval for ungdomsspørsmål:

Silje Håve Smørvik vart vald for to år i 2018, så det er ikkje leiarval på UKM 2019.



3. Val av ordinære medlemmer til Utval for ungdomsspørsmål

Ungdommens kyrkjemøte vel ytterligare fem ordinære medlemmer til Utval for ungdomsspørsmål blant delegatene i Ungdommens kyrkemøte. Medlemmene av Utval for ungdomsspørsmål blir vald for to år, slik at halve utvalet er på val kvart år. I år skal det veljast tre ordinære medlemmer.

Det skal veljast

- ***Tre medlemmer i 2019:***
- ***Vara for eitt år:***

4. Val av medlem på bakgrunn av særleg kompetanse til Utval for ungdomsspørsmål

Ungdommens kyrkjemøte vel ytterligare to medlemmer på bakgrunn av særleg kompetanse til Utval for ungdomsspørsmål. Desse medlemmene treng ikkje være blant delegatane til Ungdommens kyrkjemøte. Medlemmene av Utval for ungdomsspørsmål blir vald for to år, slik at halve utvalet er på val kvart år. I år skal det veljast eit medlem for to år på bakgrunn av særleg kompetanse. Det må og veljast ein vararepresentant for eitt år.

Det skal veljast

- ***Eit medlem for to år:***
- ***Vara for eitt år:***

Valkomiteen

Valkomiteen til Ungdommens Kyrkjemøte 2020 har ansvar for å skaffe kandidatar til vala som skal skje der. Til somme val skal dei også levere ei innstilling, altså ei liste med prioriterte kandidatar i rekkefølge. Dei som skal sitje i valkomiteen kan ikkje stille til val på neste års Ungdommens kyrkjemøte, korkje som kandidat til leiar av Utval for ungdomsspørsmål, medlem av same utval eller representant til Kyrkjemøtet 2020. Det er høve til å ta attval til valkomiteen.

5. Val av valkomité til Ungdommens kyrkjemøte 2020

Valkomiteen til Ungdommens kyrkjemøte 2020 består av tre personar. Ein blir oppnemnd av Utval for ungdomsspørsmål, blant medlemmene i utvalet. Ungdommens kyrkjemøte vel ytterligare to medlemmer til valkomiteen.

Det skal veljast

- ***To representantar til valkomitéen for eitt år:***